

SIMAS IKS

ÅRSMELDING 2020

- 1. Verksemda sin art og korleis den vert driven**
- 2. Vidare drift**
- 3. Omtale av årsrekneskapen**
- 4. Risiko**
- 5. Arbeidsmiljø**
- 6. Likestilling**
- 7. Ytre miljø**
- 8. Framtida**
- 9. Rekneskap 2020**
- 10. Resultatrekneskap**
- 11. Balanse**
- 12. Kontantstraumsanalyse**
- 13. Noter**
- 14. Revisormelding**

ÅRSMELDING 2020

SIMAS IKS

1. Verksemda sin art og korleis den vert driven

SIMAS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, med til saman 32.863 innbyggjarar pr 31.12.20. Selskapet starta opp i 1995 og har i dag ansvaret for handsaminga av slam og alt hushaldningsavfall. Selskapet driftar også miljøstasjonane for eigarkommunane utanom Årdal. Kontor- og arbeidsstad er Festingdalen på Kaupanger.

I tillegg tilbyr selskapet renovasjonstenester til næringslivet i regionen gjennom det heileigde dotterselskapet SIRKLA Ressurs AS

99

2. Vidare drift

Rekneskap og balanse er sett opp i samsvar med krava i rekneskapslova. Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rett bilete av SIMAS sine eignelutar og gjeld, eigenkapital, finansielle stilling og resultat.

Føresetnaden for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen for 2020 er sett opp med denne føresetnaden.

3. Omtale av årsrekneskapen

Omsetninga

Konsernet hadde i 2020 ei omsetning på 87 millionar kroner. Det er ei auke i omsetninga på 6,9 millionar kroner i forhold til året før.

Omsetninga i SIMAS IKS i 2020 var på 79,2 millionar kroner, dette er 5,5 millionar kroner høgare enn i 2019. Dette skuldast i hovudsak ny gebyrmodell der ein følger matrikkelregisteret som grunnlag for abonnement, samt at ein differensierer gebyra for hytterrenovasjon.

Driftskostnader

Driftskostnadene i konsernet auka med 2,1 millionar kroner, frå 77,9 millionar kroner i 2019 til 80 millionar kroner i 2020.

Samla driftskostnader i SIMAS IKS var i 2020 på 72,8 millionar kroner mot 72 millionar kroner i 2019.

Netto finanspostar

Netto finanspostar i konsernet auka med 0,4 millionar kroner, frå 1 million kroner i 2019 til 0,6 millionar kroner i 2020. Dette skuldast redusert lånegjeld og lågare rentekostnad.

Netto finanskostnader i SIMAS IKS er på 0,6 millionar kroner mot 1,0 millionar kroner i 2019. Dette skuldast redusert lånegjeld og lågare rentekostnad.

Årsresultat

Årsresultatet etter skatt for konsernet viser eit overskot på 6,4 millionar kroner i 2020 mot 0,7 millionar kroner i 2019. Dette skuldast i hovudsak auke i gebyrinntekter i SIMAS IKS.

ÅRSMELDING 2020 SIMAS IKS

Resultatrekneskapan for SIMAS IKS syner eit samla overskot på 6,0 millionar kroner før skatt i 2020. I 2019 var det overskot på 0,7 millionar kroner. Endringa skuldast i hovudsak auke i gebyrinntekter.

Det er i rekneskapan for 2020 teke høgde for ein samla kostnad på kr 550.000 kroner til oppfølging av mottak av avfallet som ikkje skulle vore levert på anlegget.

SIMAS IKS har eit godkjent FoU-prosjektet «Sirkuler avfallsbedrift» som SkatteFUNN-prosjekt. Arbeidet med prosjektet er påverka av fleire forhold og kostnaden i 2020 er under budsjett.

Disponering av overskot

Av overskotet i SIMAS IKS på 6,1 millionar kroner er 6,2 millionar kroner overført til fond for hushaldningsrenovasjon er 0,5 millionar kroner overført frå fond for slamrenovasjon og 0,4 millionar kroner er redusert eigenkapital.

Kontantstraum

Konsernet sin kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar har i 2020 vore 15,8 millionar kroner. Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet var på -6,8 millionar kroner mot, medan kontantstraum frå finansaktivitetane var på – 4,6 millionar kroner.

Konsernet har eit resultat før skatt på 6,4 millionar kroner og netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar på 15,8 millionar kroner. Avviket skuldast i hovudsak avskrivningar på 5,7 millionar kroner og endringar i kundefordringar på 3,7 millionar kroner.

SIMAS IKS har eit resultat før skatt på 5,9 millionar kroner og netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar på 17,5 millionar kroner. Avviket skuldast i hovudsak avskrivningar på 5,9 millionar kroner og endringar i kundefordringar på 1,5 millionar kroner.

SIMAS IKS sin kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar har i 2020 vore 17,5 millionar kroner, mot 9,9 millionar kroner i 2019. Netto kontantstraum frå investeringsaktiviteten var på -6,8 millionar kroner, mot -4,2 millionar kroner i 2019, mens finansaktiviteten bidrog med ein netto kontantstraum på -5,2 millionar kroner, mot -0,4 millionar kroner i 2019. Dette gir ein samla kontantstraum i SIMAS IKS på 5,5 millionar kroner mot 5,2 millionar kroner i 2019.

SIMAS IKS hadde ei endring i kontantar og kontantekvivalentar på 23 millionar kroner i 2020 mot 17,5 millionar kroner i 2019.

SIMAS IKS sin hovudaktivitet, som er renovasjon av avfall og slam frå hushaldningar skal utførast til sjølvkost. Det er difor ikkje mogleg å finansiere investeringar med eigenfinansiering. Desse blir finansiert med låneopptak. Kostnadane blir fordelt over levetida til anleggsmidlet ved avskrivningar.

Balanse

Konsernet sin totalkapital utgjorde 105,7 millionar kroner ved årsslutt mot 102,9 millionar kroner i 2019. Anna langsiktig gjeld var 55,6 millionar kroner og eigenkapitalen på 15 millionar kroner.

For SIMAS IKS utgjør eigendelar 101,2 millionar kroner, der eigenkapitalen er på 14,5 millionar kroner og samla gjeld utgjør 86,7 millionar kroner. Den langsiktige lånegjelda utgjør

ÅRSMELDING 2020 SIMAS IKS

54,6 millionar kroner, mot 59,8 millionar kroner pr 31.12.19. SIMAS IKS har ei låneramme på 120 millionar kroner, som eigarkommunane godkjende i 2019.

Likviditet

Selskapet har ved balansedag likvide midlar på 23 millionar. Likviditeten vert vurdert som god.

4. Risiko

SIMAS jobbar kontinuerleg med å redusere risiko for uønska hendingar. Det vert årleg gjennomført risikoanalyse knytt til selskapet drift og aktivitetar. Det vert gjennomført kurs, øvelsar og samlingar. Det er godt samarbeid med eksterne selskap og forskjellige tilsynsmynde for å forebygge uønska hendingar. Selskapet hadde i 2020 tilsyn frå Fylkesmann (no Statsforvaltaren) i Vestland og Sogn Brann og Redning. I tillegg er selskapet no pålagt forsterka industrivern og i prosess med å bli registrert som særskilt brannobjekt.

Strategisk risiko

Avfallsbransjen er i stor endring. Strategien til selskapet er i samsvar med samfunnsutviklinga og endring av rammebetingelsar for avfallshandtering i Norge. Dette gjelder krav til kundeservice, miljørette tenester og krav til gjenvinning av energi og materialar. Dette er nedfelt i visjon til selskapet som er «Ressursar på rett veg».

Det pågår ei konsolidering til større organisasjonar i form av nye samarbeidskonstellasjonar eller etablering av ny selskap. Selskapet er i dialog med andre selskap om å finne ei framtidsretta samarbeidsform.

Marknadsrisiko

Selskapet har på grunn av at selskapet utfører eigarkommunane sine lovpålagde renovasjonstenester, og er tildelt einerett innanfor renovasjon, liten marknadsrisiko innafør dette området. Deler av selskapet sin aktivitet er likevel påverka av konjunktursvingningar, strukturendringer og ytre rammebetingelser.

Finansielle risiko

Selskapet har ein investeringsstrategi med låg risiko. Midlane selskapet har er plassert i pengemarknaden, og i aksjar i selskap knytt til drifta av selskapet. SIMAS eig SIRKLA Ressurs AS med bokført verdi på kr. 506.797. I tillegg eig selskapet aksjar i Retura Norge AS.

Hendingar etter balansedagen

Selskapet drift påverka av utbrot med coronaviruset. Det er gjennomført tiltak internt i selskapet for å redusere effekten av utbrot av smitte internt. Hovudinntekta til selskapet er knytt til både gebyr frå den lovpålagde aktivitet, som vert vurdert å ha låg risiko, sal og avhending av avfall til slutthandsaming. Slutthandsaming av avfall kan vere utsett for både valutasvingingar og globale marknadsendingar på grunn av utbrotet av koronaviruset. Selskapet har investert i teknologi som gjer det mogeleg med forsvarleg lagring av hovudavfallsfraksjonane over lengre tid, og er dermed ikkje so eksponert for stopp i mottak av avfall nedstraums. Valutaendingane vil påverke prisane då fleire av kontraktane vert regulert i forhold til euro-kursen. Det er i den vedtekne økonomiplan for perioden 2021-2024 lagt inn ekstra kostnader for slutthandsaming av avfallet.

Ved langvarig reduksjon i næringsaktivitet i Norge, med auka permisjon av arbeidstakarar og konkursar, kan abonnentane og kundar få betalingsutfordringar. Dette kan medføre redusert innbetaling på forfallsdato som kan gje likviditetsutfordringar. Verksemda vurderer likevel likviditetsutfordringane for selskapet som moderat.

ÅRSMELDING 2020 SIMAS IKS

5. Arbeidsmiljø

SIMAS har som målsetting å ta vare på helsa til dei tilsette, både fysisk og metatalt. Selskapet har avtale med Bedriftshelseteneste 1. I 2019 vart det oppretta eige arbeidsmiljøutval.

Det samla sjukefråværet var i 2020 på 5,4 % mot førre år 4,6 %. Legemeldt fråværet utgjer 4,4 % og eigemeldt fråværet 1,0 %. Det vart ikkje registrert yrkesskadar eller yrkessjukdom som førte til fråvær.

6. Likestilling

I konsernet er kvinneandelen 22,7 prosent, medan den er på 23 % i SIMAS IKS. SIMAS IKS har ved utgangen av 2020 34 fast tilsette. I tillegg har det vore leigd inn ekstra personalressursar i samband med gjennomføring av ulike prosjekt. SIMAS har som mål å vera ein arbeidsplass der det skal vera full likestilling mellom kvinner og menn. Tradisjonelt har det vore få kvinnelege søkjarar til våre stillingar, særleg når det gjeld drifta ute. Av SIMAS IKS sine 39 tilsette er 9 kvinner, inklusiv 1 kvinneleg lærling i kontorlaget. I leiarstaben er det 2 kvinner og 2 menn. I styret er 4 av 7 styremedlemmer kvinner, der styreleiar er ein av desse.

7. Ytre miljø

Selskapet har høg fokus på at drifta vår ikkje skal føre til påverknad på det ytre miljøet. Vi overvaker utslepp til vatn og luft etter fast regime, jf. krav i utsleppsløyvet.

I samband med mottak av slagg i perioden 2015-2018 er miljøovervakingsprogrammet utvida. Det er ikkje påvist akutt ureining på grunn av mottaket av slagg. Flygeavfall vert jamleg rydda bort frå nærområdet, og årleg gjennomfører med ryddedagar på anlegget. I tillegg er det i 2020 sett opp fysisk avgrensingar for å redusere spreiring av flygeavfall. Det er ikkje motteke naboklager i året som gjekk.

Selskapet har fokus på at avfallet som vert samla inn vert handtert på best føremålstenleg måte, og at farleg avfall blir handtert forsvarleg,

8. Framtida – utsikt for selskapet

SIMAS IKS fekk i 2016 ny strategiplan – Avfall 2020 – som dannar ramma for utviklinga av verksemda. Planen tek utgangspunkt i dei overordna krava som vert sett til verksemda, i tillegg til dei lokale utfordringane som regionen har innan avfallshandsaming. Styret er opptekne av at selskapet skal vere ein sentral kompetansebedrift innafor avfallshandtering i regionen. Samstundes ønskjer styret å legge til rette for meir lokal verdiskaping med utgangspunkt i ressursane verksemda samlar inn.

Styret følgjer utviklinga av bransjen og gjeldande rammelovgjevna tett, og har stort fokus på korleis selskapet skal handtere dei utfordringar som ein til ei kvar tid står ovanfor. Dette for å sikre god og stabil drift også i eit lengre perspektiv.

Dagleg drift

Den daglege drifta i selskapet har følgjande hovudfokus;

- Redusere negative effektar frå utbrotet av Coronaviruset
- Kontinuerleg informasjon for å halda oppe og påverke haldningane med avfallssortering, og sette fokus på mindre produksjon av avfall og meir gjenbruk
- Fylgja opp kundeavtalane, kvalitetssikre og handsama søknader raskt og rettvist.
- Auka gjenvinningsgraden på avfallet som SIMAS tek imot og handsamar.
- Etablere SIRKLA Ressurs AS som aktiv aktør i den konkurranseutsette marknaden

ÅRSMELDING 2020 SIMAS IKS

I 2021 skal det utarbeidast ny strategiplan for selskapet. I dette arbeidet vil ein i stor grad involvere eigarkommunane for å få god felles oppfatning av utfordringane selskapet har, samt god forankring til den vidare planen for selskapet

Styret vil takke dei tilsette og samarbeidspartnarar for godt samarbeid.

Kaupanger 23.03 2021

Jøril Hovland
Styreleiar

Ivar Kvalen
nestleiar

Birgit Leirvik
styremedlem

Geir Ove Bøthun
styremedlem

Petter Sortland
styremedlem

Anne Kauppi
styremedlem

Marianne Ovrud
styremedlem

Hallvard Thomassen
Direktør



Årsrekneskap 2020 Simas IKS

**Årsmelding
Resultat
Balanse
Notar**

Org.nr.: 974 888 076

Resultatrekneskap

Simas IKS

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2020	2019
Salsinntekt		79 317 737	72 916 546
Anna driftsinntekt		-71 671	788 307
Sum driftsinntekter	12	79 246 067	73 704 853
Varekostnad		15 935 897	14 842 939
Lønskostnad	1, 8	25 311 017	23 419 688
Avskrivning	2	5 703 450	6 615 533
Annan driftskostnad	1	25 792 907	27 180 058
Sum driftskostnader		72 743 271	72 058 218
Driftsresultat	11	6 502 795	1 646 635
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		131 215	184 223
Anna finansinntekt		97 832	95 294
Annan rentekostnad		803 419	1 191 782
Annan finanskostnad		46	50 144
Resultat av finansposter		-574 418	-962 409
Ordinært resultat før skattekostnad		5 928 378	684 226
Skattekostnad på ordinært resultat	7	-136 764	356 477
Ordinært resultat		6 065 142	327 749
Årsresultat	11	6 065 142	327 749
Overføring			
Overført til fond slam hushald (sjølvkost)	10	-527 873	-48 803
Avsett til annan egenkapital		432 423	0
Overført til fond renovasjon hushald (sjølvkost)	10	-6 160 592	-907 307
Overføring frå annan eigekapital		0	530 755
Sum overføringar		6 065 142	327 749

Balanse

Simas IKS

Eigedelar	Note	2020	2019
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	2	64 710 710	63 783 823
Maskinar og anlegg	2	385 692	585 900
Driftslausøyre, inventar, verktøy ol	2	5 788 468	5 306 458
Sum varige driftsmiddel		70 884 870	69 676 181
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	3	506 797	506 797
Investeringar i aksjar og partar		108 000	108 000
Andre langsiktige krav		585 543	609 394
Sum finansielle anleggsmiddel		1 200 340	1 224 191
Sum anleggsmiddel		72 085 210	70 900 372
Omløpsmiddel			
Varar	13	1 137 536	905 195
Krav			
Kundekrav	4	2 043 099	5 712 286
Andre kortsiktige krav	4	2 983 690	4 293 926
Sum krav		5 026 789	10 006 212
Bankinnskot, kontantar og liknande	5	22 954 023	17 473 963
Sum omløpsmiddel		29 118 348	28 385 370
Sum eigedelar		101 203 558	99 285 742

Balanse

Simas IKS

Eigenkapital og gjeld	Note	2020	2019
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	6	14 543 354	14 771 978
Sum eigenkapital		14 543 354	14 771 978
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Pensjonsplikter	8	7 208 241	5 657 688
Andre avsetjingar for plikter	10, 11	11 059 009	5 076 290
Sum avsetjing for plikter		18 267 250	10 733 978
Øvrig langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	9	54 639 160	59 804 160
Sum anna langsiktig gjeld		54 639 160	59 804 160
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		7 347 904	7 037 630
Betalbar skatt	7	84 969	356 477
Skyldige offentlege avgifter		1 504 465	1 582 417
Anna kortsiktig gjeld		4 816 456	4 999 103
Sum kortsiktig gjeld		13 753 794	13 975 627
Sum gjeld		86 660 204	84 513 765
Sum eigenkapital og gjeld		101 203 558	99 285 742

Sogndal, 23.03.2021
Styret i Simas IKS

Jøril Hovland
styreleiar

Ivar Kvalen
nestleiar

Petter Sortland
styremedlem

Anne Kauppi
styremedlem

Birgit Olaug Lervik
styremedlem

Geir Ove Bøthun
styremedlem

Marianne Ovrid
styremedlem

Hallvard Thomassen
direktør

Indirekte kontantstrøm

Simas IKS

	Note	2020	2019
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter			
Resultat før skattekostnad		5 928 378	684 226
Betalt skatt i perioden		-134 744	-285 288
Tap/vinst ved sal av anleggsmiddel		-93 329	-623 307
Ordinære avskrivningar		5 703 450	6 615 533
Endring i varelager		-232 341	-389 609
Endring i kundefordringar		3 669 187	-3 856 440
Endring i leverandørgjeld		310 274	837 209
Endring i andre tidsavgrensingspostar		2 312 995	6 881 714
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		17 463 868	9 864 038
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter			
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar		135 380	955 000
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar		-6 954 189	-5 191 966
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		-6 818 809	-4 236 966
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter			
Netto endring i langsiktig gjeld		-5 165 000	-365 000
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		-5 165 000	-365 000
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar		5 480 060	5 262 072
Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved byrjinga av pe		17 473 963	12 211 891
Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved slutten av		22 954 023	17 473 963

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk i Norge.

Inntekter

Ved varesalg rekneskapsførast inntekta når den er opptent, altså når både risiko og kontroll i hovudsak er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfellet når vara er levert til kunden. Inntektene rekneskapsførast med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Ved tenestevalg rekneskapsførast inntekta når den er opptent, altså når krav på vederlaget oppstår. Dette skjer når tenesta ytast, i takt med at arbeidet utførast. Inntektene rekneskapsførast med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld

Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering og langsiktig gjeld er analoge kriteria lagt til grunn.

Anleggsmidlar blir vurdert til anskaffelseskost, men blir nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet forventast ikkje å vera forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid blir avskrive planmessig. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt.

Leigeavtalar

Driftsmidlar som leigast på vilkår som i det alt vesentlege overfører økonomisk risiko og kontroll til selskapet (finansiell leasing), balanseførast under varige driftsmidlar og tilhøyrande leigeforplikting vert bokført som forplikting under rentebærande langsiktig gjeld til noverdien av leigebetalingane. Driftsmiddelet vert avskrive planmessig, og forpliktinga reduserast med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

Investering i aksjar

Investeringar i aksjar vurderast etter kostmetoden. Investeringane blir nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande og det må ansjåast som nødvendig etter god rekneskapskikk. Evt. motteke utbytte vert inntektsført som anna finansinntekt.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar blir avskrive over forventa økonomisk levetid. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar blir oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap på kr 612 500. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. I tillegg blir det for øvrige kundefordringar ein uspesifisert avsetning for å dekkja antatt tap.

Varelager

Varer er vurdert til det lågaste av innkjøpspris og verkeleg verdi.

Bankinnskot, kontantar og liknande

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderar kontantar og bankinnskot med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Pensjonar

Selskapet har pensjonsordning for sine tilsette gjennom KLP. Ein ytelsesplan er ei pensjonsordning som definerer ei pensjonsutbetaling som ein tilsett vil motta ved pensjonering. Pensjonsutbetalinga er normalt avhengig av fleire faktorar, som alder, antall år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktinga knytt til ytelsesplanar er noverdien av dei definerte ytingane på balansedagen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane (innbetalte beløp til forsikringsselskap). Pensjonsforpliktinga bereknast årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode.

Skatt

Skattekostnaden i resultatet omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er berekna med 22 % på grunnlag av dei midlertidige forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret.

Kommunale avfallsselskap som tilbyr kommersielle tenester i marknaden er skattepliktige for den delen av verksemda som er relatert til næringsavfall. Skatteplikta inntredde frå og med rekneskapsåret 2014.

Sjølvkost

Selskapet sine tenester i tilknytning til renovasjon innan privat hushald er lovpålagd og skal ikkje over tid gje økonomisk overskot. Selskapet er pliktig til å utarbeide sjølvkostberekningar for hushaldrenovasjon og slamtømming retta mot private hushald. Ved underskot i sjølvkostberekningen visast dette som ei fordring i balansen (abonnementsfordring) og ved overskot i sjølvkostberekningane visast dette som ei gjeld i balansen (skuldig abonnementsgebyr).

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar og bankinnskot.

Note 1 Lønskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

Lønskostnader	2020	2019
Løningar	19 079 009	17 825 578
Arbeidsgjevaravgift	2 456 924	2 406 737
Pensjonskostnader	3 253 918	2 758 501
Andre ytingar	521 166	428 872
Sum	25 311 017	23 419 688

Selskapet har i 2020 sysselsett 40 årsverk.

Pensjonsforpliktingar

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordninga til selskapet tilfredsstillar krava i denne lova.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styreleiar
Løn	936 584	78 800
Pensjonskostnader	140 046	0
Anna godtgjering	8 650	0
Sum	1 085 280	78 800

Det føreligg ikkje avtale om plikt til å gje dagleg leiar eller medlemmar av styret særskilt godtgjerdsla ved opphøyr av stillinga eller vervet. Det føreligg heller ikkje avtalar om bonus, overskotsdeling eller liknande til fordel for dagleg leiar eller styremedlemmar.

Det er ikkje gjeve lån eller stilt sikkerheit til fordel for dagleg leiar, tilsette, styremedlemmar, eigarar eller andre nærstående.

Godtgjerdsla til revisor	2020
Lovpålagt revisjon	50 500
Utvida finansiell revisjon	70 700
Andre tenester utanfor revisjonen	33 000

Beløpa er eks. mva.

Note 2 Driftsmidlar

	Bygningar og tomtar	Maskiner og anlegg	Driftslausøyre, utstyr mv	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01.20	130 896 370	19 038 034	28 503 292	178 437 696
Tilgang	4 641 074	67 142	2 245 972	6 954 189
Avgang		322 107		322 107
Anskaffelseskost 31.12.20	135 537 444	18 783 069	30 749 264	185 069 778
Akk avskrivningar 31.12.19	70 826 735	18 397 378	24 960 796	114 184 909
Bokført verdi 31.12.20	64 710 709	385 692	5 788 468	70 884 869
Årets avskrivningar	3 714 188	225 300	1 763 961	5 703 450
Økonomisk levetid	0-50 år	5-10 år	3-10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

Investeringar er finansiert ved lån i Kommunalbanken.

Note 3 Investering i dotterselskap og andre selskap

	Kontor- kommune	Eigardel	Kostpris	Bokført verdi	Eigenkapital pr 31.12	Årsresultat pr 31.12
Dotterselskap						
Sirkla Ressurs AS	Sogndal	100%	506 797	506 797	3 184 172	321 572
		Total aksjekapital	Tal aksjar	Pålydande	Overkurs	Bokført verdi pr 31.12.
Andre aksjeinvesteringar						
Retura Norge AS		4 886 000	60	1 000	1 800	108 000
Sum						108 000

Note 4 Mellomvære med selskap i same konsern

	Sirkla Ressurs AS 2020	Sirkla Ressurs AS 2019	Ecoinowaste AS 2020	Ecoinowaste AS 2019
Fordringar				
Kundefordringar	640 877	3 480 784	268 114	268 114
Andre fordringar	0	165 000	0	0
Sum	640 877	3 645 784	268 114	268 114
Gjeld				
Leverandørgjeld	25 956	63 974	0	0
Resultatpostar				
Inntekter	7 147 986	10 161 125		
Kostnader	526 226	661 257		

Note 5 Bankinnskot

Midlar på skattetrekksskonto (bundne midlar) er kr 720 383.

Note 6 Eigenkapital

	Anna eigenkapital	Sum
Eigenkapital pr. 31.12.2019	14 771 978	14 771 978
Estimatavvik pensjon (årets endring)	-661 046	-661 046
Årets resultat	432 423	432 423
Eigenkapital pr. 31.12.2020	14 543 354	14 543 354

Oversikt over eigarkommunane pr 31.12:

Kommune	Eigardel
Aurland	5,4 %
Høyanger	12,3 %
Luster	15,8 %
Lærdal	6,5 %
Sogndal	36,3 %
Vik	7,9 %
Årdal	15,7 %
Sum	100 %

Ingen eigarar har gjeld til selskapet.

Note 7 Skatt

Avstemming av skattekostnaden i resultatet	2020	2019
Feil frå tidlegare år	-221 733	0
Betalbar skatt av årets resultat	84 969	356 477
Endring utsett skatt	0	0
Sum skattekostnad	-136 764	356 477

Utrekning av skattegrunnlaget i år	2020	2019
Resultat før skattekostnad	5 928 378	684 226
Permanente skilnader	-6 273 400	567 995
Endring i mellombelse skilnader	731 247	368 129
Grunnlag betalbar skatt	386 224	1 620 350

Oversikt over mellombelse skilnader	2020	2019
Fordringar	-605 625	-375 891
Driftsmidlar	-22 938 171	-22 805 971
Avsetnad etter god rekneskapsskikk	-5 935 200	-5 035 200
Pensjonar	-7 208 241	-5 657 688
Sum	-36 687 238	-33 874 750

Utsatt skatt/-skattefordel -8 071 192 -7 452 445

Andel av mellombelse skilnader vedr næring 26 % (33,7 %) -9 538 682 -11 415 791

Andel av utsatt skatt/-skattefordel vedr næring 26 % (33,7 %) -2 098 510 -2 511 474

Utsatt skattefordel balanseførast ikkje.

Avstemming av betalbar skatt i balansen		
Betalbar skatt av årets resultat	84 969	356 477
Sum	84 969	356 477

Note 8 Pensjonskostnader, -midlar og -forpliktingar

Selskapet har ei ytelsesbasert pensjonsordning gjennom KLP som omfattar 36 aktive og 8 pensjonistar. Ordninga gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytinga frå folketrygda. Forpliktinga er dekkja gjennom eit forsikringsselskap.

Selskapet har balanseført pensjonsforpliktinga. Dei tilsette blir trekt i lønn for ein andel av pensjonspremien, medan selskapet dekkjer det øvrige.

	2020	2019
Pensjonskostnad		
Noverdi av pensjonsoppteninga i år	3 157 919	3 427 634
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	557 307	559 503
Avkastning på pensjonsmidlar	-395 912	-370 447
Administrasjonskostnader	112 250	101 109
Arbeidsgjevaravgift	363 746	394 086
Aktuarisk tap inkl arbeidsgjevaravgift	0	-778 183
Netto pensjonskostnad	3 795 310	3 333 702
Andel av premie trekt frå dei tilsette	-371 721	-379 080
Pensjonsmidlar - forpliktig		
Brutto påløpen pensjonsforpliktig	27 134 921	21 137 149
Pensjonsmidlar	20 593 828	16 019 469
Estimert netto pensjonsforplikting	6 541 093	5 117 680
Arbeidsgjevaravgift	667 148	540 008
Netto pensjonsforplikting	7 208 241	5 657 688
Økonomiske føresetnader for utrekning av pensjonskostnaden		
Diskonteringsrente	1,70%	2,30%
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	1,70%	2,30%
Forventa lønsvekst	2,25%	2,25%
Forventa G-regulering	2,00%	2,00%
Forventa regulering av pensjonar under utbetaling	1,24%	1,24%

Note 9 Pantstillingar og garantiar

	31.12.2020	31.12.2019
Pantsikra gjeld, pantstillingar og garantiar		
Gjeld til kredittinstitusjonar (lån)	54 639 160	59 804 160
Gjeld som er sikra ved kommunal garanti	54 639 160	59 804 160
Gjeld som forfell meir enn 5 år etter balansedagen	35 322 500	38 712 500
Rekneskapsført verdi av pantsikra egedelar		
Driftsmidlar	0	0
Varelager	0	0
Kundefordringar	0	0
Sum	0	0

Selskapet har bankgaranti knytt til transportløyve pålydande kr 576.000 til fordel for Statens Vegvesen.

Note 10 Andre avsetjinger for plikter

	2020	2019
Andre avsetjinger for plikter består av		
Etterdriftsfond	4 935 200	4 585 200
Fond renovasjon hushald (sjølvkost)	7 303 685	1 143 093
Fond slam hushald (sjølvkost)	-1 179 876	-652 003
Sum andre avsetjinger til plikter	11 059 009	5 076 290

For å oppfylle krav i avfallsforskrifta er det avsett rekneskapsmessig til etterdriftsfond. Det vert årleg avsett kr 350 000 til etterdriftsfondet.

Note 11 Avdelingsfordeling

	Renovasjon hushald	Slam	Næring	Totalt
Driftsinntekter	53 371 117	5 674 950	20 200 000	79 246 067
Driftsutgifter	42 525 130	6 056 365	18 458 326	67 039 821
Avskrivning	3 818 426	103 333	1 781 691	5 703 450
Driftsresultat	7 027 561	-484 748	-40 017	6 502 796
Finanspostar	450 075	5 219	119 124	574 418
Resultat	6 577 486	-489 967	-159 141	5 928 378
Endring utsatt skatt			0	0
Betalbar skatt			-136 764	-136 764
Resultat	6 577 486	-489 967	-22 377	6 065 142

Sjølvkostfordeling

Driftsinntekter	53 371 117	5 674 950
Driftsutgifter	42 525 130	6 056 365
Avskrivning	4 137 110	111 956
Driftsresultat	6 708 877	-493 371
Finanspostar	560 359	21 858
Vinst/tap ved utrangering av anleggsmiddel	46 226	0
Resultat	6 102 292	-515 229

Fond

Fond 01.01.2020	1 143 093	-652 003
Resultat 2020	6 102 292	-515 229
Kalkulert renteinntekt/rentekostnad sjølvkostfond	58 300	-12 644
Fond 31.12.2020	7 303 685	-1 179 876

Note 12 Salsinntekt

Per virksomhetsområde	2020	2019
Renovasjon hushald	53 371 117	43 510 246
Slam hushald	5 674 950	5 682 613
Næring	17 624 174	22 631 348
Næring slam	2 575 826	1 880 648
Sum	79 246 067	73 704 855

Note 13 Varelager

<i>Varelager pr 31.12 består av:</i>	2020	2019
Råvarer	351 840	300 240
Handelsvarer	785 696	604 955
Sum	1 137 536	905 195



Konsernrekneskap 2020

Simas IKS

Årsmelding
Resultat
Balanse
Kontantstrøm
Notar

Org.nr.: 974 888 076

KONSERNREKNESKAP

SIMAS IKS

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2020	2019
Salsinntekt		86 012 918	77 901 651
Anna driftsinntekt		945 217	2 164 605
Sum driftsinntekter	9	86 958 135	80 066 256
Varekostnad		15 645 939	12 895 842
Lønskostnad	1, 6	29 417 917	27 156 386
Avskrivning	2	5 927 450	6 782 637
Anna driftskostnad	1	29 023 199	31 052 658
Sum driftskostnader		80 014 505	77 887 523
Driftsresultat		6 943 630	2 178 733
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Anna renteinntekt		154 887	220 344
Anna finansinntekt		109 133	98 037
Anna rentekostnad		845 697	1 226 812
Anna finanskostnad		46	50 144
Resultat av finansposter		-581 723	-958 575
Ordinært resultat før skattekostnad		6 361 907	1 220 158
Skattekostnad på ordinært resultat	5	-46 066	480 716
Ordinært resultat		6 407 973	739 442
Årsresultat		6 407 973	739 442
OVERFØRINGAR			
Overført frå fond slam hushald (sjølvkost)	8	527 873	48 803
Overført til fond renovasjon hushald (sjølvkost)	8	-6 160 592	-907 307
Avsett til anna eigenkapital		-775 254	0
Overført frå anna eigenkapital		0	119 062
Sum disponert		6 407 973	739 442

BALANSE

SIMAS IKS

EIGEDELAR	Note	2020	2019
ANLEGGSMIDDEL			
VARIGE DRIFTSMIDDEL			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	2	64 710 710	63 783 823
Maskinar og anlegg	2	385 692	585 900
Driftslausøyre, inventar, verktøy ol	2, 7	7 245 568	6 960 558
Sum varige driftsmiddel		72 341 970	71 330 281
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL			
Investeringar i aksjar og partar		118 001	118 000
Andre langsiktige krav		585 543	609 394
Sum finansielle anleggsmiddel		703 544	727 394
Sum anleggsmiddel		73 045 514	72 057 675
OMLØPSMIDDEL			
Varar	10	1 137 536	905 195
KRAV			
Kundekrav	7	2 555 482	4 039 728
Andre kortsiktige krav		3 166 893	4 419 261
Sum krav		5 722 375	8 458 989
INVESTERINGAR			
Bankinnskot, kontantar og liknande	3	25 775 671	21 483 306
Sum omløpsmiddel		32 635 582	30 847 490
Sum egedelar		105 681 096	102 905 165

BALANSE

SIMAS IKS

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2020	2019
OPPTENT EIGENKAPITAL			
Annan eigenkapital	4	14 951 864	14 837 657
Sum opptent eigenkapital		14 951 864	14 837 657
Sum eigenkapital		14 951 864	14 837 657
GJELD			
AVSETJING TIL PLIKTER			
Pensjonsplikter	6	7 208 241	5 657 688
Utsett skatt	5	72 769	71 200
Andre avsetjingar for plikter	8	11 059 009	5 076 290
Sum avsetjing for plikter		18 340 019	10 805 178
ØVRIG LANGSIKTIG GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjonar	7	55 617 336	60 235 871
Sum anna langsiktig gjeld		55 617 336	60 235 871
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		7 555 727	7 389 628
Betalbar skatt	5	174 098	370 615
Skyldige offentlege avgifter		1 881 931	1 911 302
Anna kortsiktig gjeld	11	7 160 121	7 354 914
Sum kortsiktig gjeld		16 771 878	17 026 459
Sum gjeld		90 729 232	88 067 508
Sum eigenkapital og gjeld		105 681 096	102 905 165

Sogndal, 23.03.2021
Styret i Simas IKS

Jøril Hovland
styreleiar

Ivar Kvalen
nestleiar

Petter Sortland
styremedlem

Anne Kauppi
styremedlem

Birgit Olaug Lervik
styremedlem

Geir Ove Bøthun
styremedlem

Marianne Ovrid
styremedlem

Hallvard Thomassen
dagleg leiar

INDIREKTE KONTANTSTRØM

SIMAS IKS

	Note	2020
KONTANTSTRØMMER FRA OPERASJONELLE AKTIVITETER		
Resultat før skattekostnad		6 361 907
Periodens betalte skatt		-148 882
Tap/gevinst ved salg av anleggsmidler		-93 329
Ordinære avskrivninger		5 927 450
Endring i varelager		-232 341
Endring i kundefordringer		1 484 246
Endring i leverandørgjeld		166 099
Endring i andre tidsavgrensningsposter		2 291 562
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		15 756 711
KONTANTSTRØMMER FRA INVESTERINGSAKTIVITETER		
Innbetalinger ved salg av varige driftsmidler		135 380
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler		-6 981 189
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		-6 845 809
KONTANTSTRØMMER FRA FINANSIERINGSAKTIVITETER		
Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld		576 000
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld		-5 194 535
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		-4 618 535
Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter		4 292 367
Beh. av kont. og kontantekvivalenter ved per. begynnelse		21 483 306
Beh. av kont. og kontantekvivalenter ved per. slutt		25 775 671

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk i Norge.

Inntekter

Ved varesalg rekneskapsførast inntekta når den er opptent, altså når både risiko og kontroll i hovudsak er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfellet når vara er levert til kunden. Inntektene rekneskapsførast med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Ved tenestevalg rekneskapsførast inntekta når den er opptent, altså når krav på vederlaget oppstår. Dette skjer når tenesta ytast, i takt med at arbeidet utførast. Inntektene rekneskapsførast med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld

Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering og langsiktig gjeld er analoge kriteria lagt til grunn.

Anleggsmidlar blir vurdert til anskaffelseskost, men blir nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet forventast ikkje å vera forbigående. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid blir avskrive planmessig. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt.

Leigeavtalar

Driftsmidlar som leigast på vilkår som i det alt vesentlege overfører økonomisk risiko og kontroll til selskapet (finansiell leasing), balanseførast under varige driftsmidlar og tilhøyrande leigeforplikting vert bokført som forplikting under rentebærande langsiktig gjeld til noverdien av leigebetalningane. Driftsmiddelet vert avskrive planmessig, og forpliktinga reduserast med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

Investering i aksjar

Investeringar i aksjar vurderast etter kostmetoden. Investeringane blir nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigående og det må ansjåast som nødvendig etter god rekneskapskikk. Evt. motteke utbytte vert inntektsført som anna finansinntekt.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar blir avskrive over forventa økonomisk levetid. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar blir oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap på kr 664 556. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. I tillegg blir det for øvrige kundefordringar ein uspesifisert avsetning for å dekkja antatt tap.

Varelager

Varer er vurdert til det lågaste av innkjøpspris og verkeleg verdi.

Bankinnskot, kontantar og liknande

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderar kontantar og bankinnskot med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Pensjonar

Selskapet har pensjonsordning for sine tilsette gjennom KLP. Ein ytelsesplan er ei pensjonsordning som definerer ei pensjonsutbetaling som ein tilsett vil motta ved pensjonering. Pensjonsutbetalinga er normalt avhengig av fleire faktorar, som alder, antall år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktinga knytt til ytelsesplanar er noverdien av dei definerte ytingane på balansedagen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane (innbetalte beløp til forsikringsselskap). Pensjonsforpliktinga bereknast årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode.

Skatt

Skattekostnaden i resultatet omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er berekna med 22 % på grunnlag av dei midlertidige forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret.

Kommunale avfallsselskap som tilbyr kommersielle tenester i marknaden er skattepliktige for den delen av verksemda som er relatert til næringsavfall. Skatteplikta inntredde frå og med rekneskapsåret 2014.

Sjølvkost

Selskapet sine tenester i tilknytning til renovasjon innan privat hushald er lovpålagd og skal ikkje over tid gje økonomisk overskot. Selskapet er pliktig til å utarbeide sjølvkostberekningar for hushaldrenovasjon og slamtømming retta mot private hushald. Ved underskot i sjølvkostberekningen visast dette som ei fordring i balansen (abonnementsfordring) og ved overskot i sjølvkostberekningane visast dette som ei gjeld i balansen (skuldig abonnementsgebyr).

Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar og bankinnskot.

Konsolideringsprinsipp

Dotterselskap blir konsolidert frå det tidspunkt kontrollen er overført til konsernet (oppkjøpstidspunktet). I konsernrekneskapan blir posten aksjar i dotterselskap erstatta med dotterselskapet sine egedelar og gjeld. Konsernrekneskapan blir utarbeida som om konsernet var éi økonomisk eining. Transaksjonar, urealisert forteneste og mellomverande mellom selskapa i konsernet blir eliminert.

Note 1 Lønskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

Lønskostnader	2020	2019
Løningar	22 418 532	20 802 359
Arbeidsgjevaravgift	2 843 370	2 767 463
Pensjonskostnader	3 579 860	3 093 007
Andre ytingar	576 156	493 557
Sum	29 417 917	27 156 386

Konsernet har i 2020 sysselsett 45 årsverk.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styreleiar
Løn	936 584	78 800
Pensjonskostnader	140 046	0
Anna godtgjering	8 650	0
Sum	1 085 280	78 800

Godtgjerdse til revisor	2020
Lovpålagt revisjon	112 650
Utvida finansiell revisjon	70 700
Andre tenester utanfor revisjonen	39 354

Beløpa er eks. mva.

Note 2 Driftsmidlar

	Tomtar, bygg o.a. fast eigedom	Maskinar og anlegg	Bilar og containrar	Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	Sum
Anskaffelseskost 01.01.2020	130 896 370	19 038 034	1 729 062	28 631 433	180 294 899
Tilgang	4 641 074	67 142	27 000	2 245 972	6 981 188
Avgang	0	-322 107	0	0	-322 107
Anskaffelseskost 31.12.2020	135 537 444	18 783 069	1 756 062	30 877 405	186 953 980
Akk. avskrivningar 31.12.2020	70 826 735	18 397 378	360 362	25 027 537	114 612 012
Bokført verdi 31.12.2020	64 710 710	385 692	1 395 700	5 849 868	72 341 970
Årets avskrivningar	3 714 188	225 300	191 000	1 796 961	5 927 450
Økonomisk levetid	0-50 år	5-10 år	5-15 år	3-10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Investeringar er finansiert ved lån i Kommunalbanken.

Note 3 Bankinnskott

Midlar på skattetrekkkonto (bundne midlar) er kr 857 403.

Note 4 Eigenkapital

	Anna eigenkapital	Sum
Eigenkapital pr. 31.12.2019	14 837 657	14 837 657
Estimatavvik pensjon (årets endring)	-661 046	-661 046
Årets resultat	775 254	775 254
Eigenkapital pr. 31.12.2020	14 951 864	14 951 864

Oversikt over eigarkommunane pr 31.12:

Kommune	Eigardel
Aurland	5,4 %
Høyanger	12,3 %
Luster	15,8 %
Lærdal	6,5 %
Sogndal	36,3 %
Vik	7,9 %
Årdal	15,7 %
Sum	100 %

Ingen eigarar har gjeld til selskapet.

Note 5 Skatt

Forklaring til skattekostnad	2020	2019
Resultat før skatt	6 361 907	1 220 158
22 % skatt	1 399 619	268 435
Skatteeffekt av permanente skilnadar	-1 380 148	124 959
Skatteeffekt av konsernelimineringar	-9 900	0
Endring ikkje balanseført utsett skattefordel	166 097	87 322
Feil frå tidlegare år	-221 733	0
Sum skattekostnad	-46 066	480 716
Effektiv skattesats	-0,7 %	39,4 %
Mellombelse skilnadar	2020	2019
Netto mellombelse skilnadar	-38 900 331	-36 094 981
Andel av mellombelse skilnadar vedr næring 26 % (33,7 %)	-9 538 682	-11 415 791
Grunnlag for utsett skatt/-skattefordel	-29 361 649	-24 679 190
Herav ikkje grunnlag for balanseføring	29 692 419	25 002 823
Grunnlag for utsett skatt/-skattefordel	330 770	323 633
Utsett skatt/-skattefordel 22 %	72 769	71 200
Utsett skattefordel balanseførast ikkje		
Avstemming av betalbar skatt i balansen		
Betalbar skatt av årets resultat	174 098	370 615
Sum	174 098	370 615

Note 6 Pensjonskostnader, -midlar og -forpliktingar

Selskapet har ei ytelsesbasert pensjonsordning gjennom KLP som omfattar 36 aktive og 8 pensjonistar. Ordninga gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytinga frå folketrygda. Forpliktinga er dekkja gjennom eit forsikringsselskap.

Selskapet har balanseført pensjonsforpliktinga. Dei tilsette blir trekt i lønn for ein andel av pensjonspremien, medan selskapet dekker det øvrige.

	2020	2019
Pensjonskostnad		
Noverdi av pensjonsoppteninga i år	3 157 919	3 427 634
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	557 307	559 503
Avkastning på pensjonsmidlar	-395 912	-370 447
Administrasjonskostnader	112 250	101 109
Arbeidsgjevaravgift	363 746	394 086
Aktuarisk tap inkl arbeidsgjevaravgift	0	-778 183
Netto pensjonskostnad	3 795 310	3 333 702
Andel av premie trekt frå dei tilsette	-371 721	-379 080
Pensjonsmidlar - forpliktig		
Brutto påløpen pensjonsforpliktig	27 134 921	21 137 149
Pensjonsmidlar	20 593 828	16 019 469
Estimert netto pensjonsforplikting	6 541 093	5 117 680
Arbeidsgjevaravgift	667 148	540 008
Netto pensjonsforplikting	7 208 241	5 657 688
Økonomiske føresetnader for utrekning av pensjonskostnaden		
Diskonteringsrente	1,70%	2,30%
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	1,70%	2,30%
Forventa lønsvekst	2,25%	2,25%
Forventa G-regulering	2,00%	2,00%
Forventa regulering av pensjonar under utbetaling	1,24%	1,24%

Note 7 Pantstillingar og garantiar

	31.12.2020	31.12.2019
Pantsikra gjeld, pantstillingar og garantiar		
Gjeld til kredittinstitusjonar (lån)	55 617 336	60 235 871
Gjeld som er sikra ved kommunal garanti	54 639 160	59 804 160
Gjeld som forfell meir enn 5 år etter balansedagen	35 532 500	38 712 500
Rekneskapsført verdi av pantsikra egedelar		
Driftsmidlar	1 457 100	0
Varelager	0	0
Kundefordringar	1 421 374	2 076 340
Sum	2 878 474	2 076 340

Det er stilt bankgaranti knytt til transportløyve pålydande kr 576.000 til fordel for Statens Vegvesen.

Note 8 Andre avsetjingar for plikter

	2020	2019
Andre avsetjingar for plikter består av		
Etterdriftsfond	4 935 200	4 585 200
Fond renovasjon hushald (sjølvkost)	7 303 685	1 143 093
Fond slam hushald (sjølvkost)	-1 179 876	-652 003
Sum andre avsetjingar til plikter	11 059 009	5 076 290

For å oppfylle krav i avfallsforskrifta er det avsett rekneskapsmessig til etterdriftsfond. Det vert årleg avsett kr 350 000 til etterdriftsfondet.

Note 9 Salsinntekt

<i>Per virksomhetsområde</i>	2020	2019
Renovasjon hushald	53 371 117	43 510 246
Slam hushald	5 674 950	5 682 613
Næring	25 336 243	28 992 752
Næring slam	2 575 826	1 880 648
Sum	86 958 135	80 066 256

Note 10 Varelager

<i>Varelager pr 31.12 består av:</i>	2020	2019
Råvarer	351 840	300 240
Handelsvarer	785 696	604 955
Sum	1 137 536	905 195

Note 11 Anna kortsiktig gjeld

	2020	2019
Påkomen løn og feriepengar	2 397 618	2 438 953
Påkomne kostnader diverse	2 603 325	2 475 165
Påkomne renter	160 446	442 067
Kortsiktig lån	1 998 733	1 998 733
Sum	7 160 121	7 354 914

Kortsiktig lån er mot Eco Green Solutions LLC (EGS) på kr 1 998 733. Lånet er ikkje renteberekna i 2020. EGS har ein rett til å konvertera dette lånet til 51 % av aksjane i Ecoinowaste AS.

Note 12 Konsolidering av dotterselskap

Konsernet omfattar:

Morselskap:

Simas IKS

Dotterselskap:

Sirkla Ressurs AS

Aksjekapital

500 000

Eigardel

100 %

Dotterselskap av Sirkla Ressurs AS:

Ecoinowaste AS

100 000

100 %

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Hallvard Thomassen

Daglig leder

Serienummer: 9578-5995-4-155360

IP: 193.214.xxx.xxx

2021-03-23 12:01:43Z



Anne Kauppi

Styremedlem

Serienummer: 9578-5995-4-333038

IP: 109.70.xxx.xxx

2021-03-23 12:05:42Z



Marianne Ovrid

Styremedlem

Serienummer: 9578-5995-4-239851

IP: 217.17.xxx.xxx

2021-03-23 12:21:17Z



Birgit Olaug Lervik

Styremedlem

Serienummer: 9578-5995-4-94982

IP: 91.126.xxx.xxx

2021-03-23 12:48:38Z



Petter Sortland

Styremedlem

Serienummer: 9578-5993-4-2589916

IP: 62.50.xxx.xxx

2021-03-24 10:11:38Z



Geir Ove Bøthun

Styremedlem

Serienummer: 9578-5995-4-1482388

IP: 88.89.xxx.xxx

2021-03-24 14:33:10Z



Jøril Hovland

Styrets leder

Serienummer: 9578-5993-4-2509063

IP: 217.17.xxx.xxx

2021-03-24 14:56:01Z



Ivar Kvalen

Styremedlem

Serienummer: 9578-5993-4-4326421

IP: 93.94.xxx.xxx

2021-03-25 09:29:27Z



Penneo Dokumentnøkkel: OUH6E-5F15E-YM4E7-FQAKT-HA8GG-HZ57T

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>